

Paul Harris Fellowship

vart i år 2006 tildelt

Ivar Fjørtoft



Ivar Fjørtoft f. 07.10.1922 var fødd og voks opp på Fjørtoft. Han kom til Brattvåg i 1947 for å arbeide hjå J. Johansen A/S i fjorten dagar, men vart der resten av sitt yrkesaktive liv. Han vart gift med Kjellaug Bjørnevik i 1950 og dei fekk 3 døtre og etterkvart 6 borneborn og 5 oldeborn.

Det er i år 40 år sidan BRK vart stifta og i det høve var det jubileumsfest i Ingbrigt Davik huset og president Tove S. Høistad introduserte ein person som styret hadde bestemt skulle få tildelt Paul Harris Fellow utmerkinga. Han var fotballinteressert og kom derfor med i fotballaget og i styret i BIL. Var også med i andre sosialt arbeid, mellom anna med å starte BRK Hjelpkorps og var den fyrste mannlege medlem i BRK Besøksteneste. Var med i kommunestyret i tre periodar og ein periode av desse i formannskapet.

Det må kanskje nemnast at han var med i skriftsnemnda til Haram kultur-historisk lag i tre år, der han m.a. omsette eit skrift ved Hans Strøm, frå gotisk til latiske bokstavar som er det mest vanlege no. Var pådrivar til å starte opp Senior Fritid-Data klubben der han vart leiar. Har også gitt ut fleire slektsbøker.

Ivar er chartermedlem i BRK og har vore ein trufast og aktiv medlem. Han var president i 1976/1977 og har innehatt - og fylt - dei fleste verv. Var ein av initiativtakarane til oppstart av Vatne/Tennfjord RK. Han har vore eit viktig medlem i klubben - med stor omtanke for andre- ein ekte rotarianar.

Som privatperson har han hatt nok å fylle tida med. Glad i å reise- i å gå tur- i å lese- ta bilete og film- og å bruke tid på å redigere- og ikkje minst har han stor interesse for og kunnskap om data - det meste sjølv-lært. Denne kunnskapen er det m.a. som i alt anna, BRK har hatt uvurderleg nytte av. Då spørsmålet om Heimesida kom opp i klubben vår - kven andre - ville bruke tid på og ta på seg det ansvaret. Før vi visste ordet av det - var heimesida oppe og gjekk - Ivar jobba i det stille og gjer ikkje noko stort nummer av det han bidreg med. Ikkje berre har han laga heimesida vår - han har samla inn og fylt den med stoff frå klubben vår- både notid og fortid - og han utviklar den heile tida. Han har laga ei brukarvennleg side og den er dessutan å jour til kvar tid.

Etter diplom- og medaljeutdelinga vart det ei blomsterhelsing til Kjellaug for den støtte ho har gitt Ivar i rotaryarbeidet og anna sosialt arbeid